

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå Barn og unge på nett - YouTube .
	Er alt koblet saman gjennom internett no? I filmen her sa han alt ville stoppa opp viss internett slutta å eksistere. Denne illustrasjonen her viser mange, men likevel berre nokre få av dei tinga som er kopla saman gjennom internett. (peik og snakk litt om kva som er avhengig av internett for å virke).
	Kva er bra med at barn kan bruke internett? Og kva går barn glipp av viss dei bruker internett for mykje? Det er heilt klart mykje som er gøy, praktisk, lærerikt og fint med å være på nett – sjå på venstre sida av bilda og be barna kome på så mykje som mogleg om kva som er bra med å vere på nett. Og likevel er vaksne ofte veldig opptatt av at barn helst ikkje skal bruke skjermar og nett så mykje. Ein av grunnane er at skjermbruk brukar tid som barn skulle ha brukt til andre ting. Kva er gøy og viktige ting barn går glipp av dersom dei brukar skjerm for mykje? La elevane jobbe i grupper eller snakk saman i klassa, og lag gjerne oversikter saman.
	Skumle og vonde ting på nett Sjå litt på dette bildet saman. Kva er dei forskjellige tinga dette bildet viser som kan vere dumt, farleg eller vondt for barn? Få fram alt frå å bli utestengt, plaga, bli freista eller lurt til å bruke pengar, at nokon kan lure deg til å gjere ting som blir vondt eller vanskeleg, og at barn kan oppleve at dei blir tatt bilde av eller filma mens dei gjer noko flaut dei ikkje vil andre skal sjå.
	Kan barn passe seg for vonde opplevingar på nett? La elevane gjerne snakke saman om det dei har lært for å passe seg på nett. Her bør de få fram ting som: • Ikkje del personleg informasjon – namn, adresse, telefonnummer eller skule. • Ver forsiktig med bilete og video – spør alltid før du deler noko av andre. • Snakk fint til andre på nett – det som er sårt i klasserommet er også sårt på skjerm. • Svar ikkje på stygge meldingar – blokker eller gå ut av chatten. • Ikkje snakk med ukjende på nett utan at ein vaksen veit om det. • Sei frå til ein vaksen dersom noko kjennest rart, skummelt eller ubehageleg. • Ikkje trykk på alt som dukkar opp – reklame og spel kan prøve å lure deg. • Spør før du brukar pengar i spel eller appar.
	Denne songen handlar om å dele bilde Du har lov å si nei (karaoke-versjon) on Vimeo vil de synge saman med den? Snakk med elevane om kvifor mange no ikkje ønsker å bli tatt bilde av, og spesielt ikkje at bilda blir delt på nett. Korleis kan barn seie nei til å bli tatt bilde av: • Til ein venn • Til vaksne



Kvifor er det så vanskeleg å la vere å bruke appar?

Start med desse barn nedst som held på med nettbrett. Kanskje held dei på med eit spel eller ser på filmar som ikkje kostar noko å bruke. Likevel går det pil opp til pengane. Og frå pengane går det pil opp til han som eig appen. Dei aller fleste appane vi brukar er laga av nokon, ikkje fordi vi skal få lov å ha noko gøy å bruke, men fordi dei vil tene pengar på oss. Korleis får dei til det når det er gratis å bruke dei?

Om de tidlegare har snakka om dette kan elevane godt få sjå på bildet og prøve å forklare det for kvarandre, men elles vil dei truleg trenge litt hjelp.



Kva gjer algoritmar?

Dei yngre elevane blir kjent med Algo, ein algoritme som jobbar inni alle appane vi brukar i kvardagen. Om elevane ikkje har møtt Algo før kan dei godt få ein enkel introduksjon, eventuelt ei påminning:

Algo sin jobb er å passe på at menneske brukar så mykje tid som mogleg på appane. For det er tida vår, og merksemda vår, som gjer at dei som lagar appane tenar pengar på dei.

Algo og dei andre algoritmane brukar ulike verktøy for å gjere denne jobben. Her held han eit forstørringsglas som viser at dei følger nøye med på alt vi gjer på appen. Kva vi stoppar opp og ser på, kva vi sveiper fort vidare frå, kva vi ser ut til å like, og kva vi ser lenge på sjølv om vi ikkje likar det. Alt dette blir lagra i minnet. Magneten betyr at algoritmane samlar saman mest mogleg innhald som liknar på det dei allereie har fått oss til å sjå på eller trykke på, og raketten betyr at slikt innhald blir sendt tilbake til oss i full fart. Difor kjem det heile tida nye filmar, nye spel og nytt innhald som vi nesten ikkje klarer å slutte å sjå på.

Kan elevane kjenne seg att i dette? Kven har opplevd at det er vanskeleg å slå av favorittappen fordi det heile tida kjem meir som ser gøy ut?

La elevane jobbe saman aleine eller i grupper og kome på:

- Kva sender algoritmane til dei for å halde dei på appen?
- Kva sender algoritmane til andre i familien deira for å halde dei på appen?
- Kva sender algoritmane mest av til barna i denne klassa trur dei?

Det er fint om elevane også får vite at algoritmane ikkje berre sender dei ting dei likar, men alt som får elevane til å sjå meir. Derfor kan dei også få opp filmar og bilde som er ekkelt, skremmande eller dumt. Og om dei ser på dei, eller sender dei til nokon, eller brukar tid på dei – så vil algoritmane forstå at dette er innhald som får dette barnet til å bruke tid her. Og dermed vil barnet få opp fleire slike dumme eller vonde ting. Så når barn eller vaksne får opp innhald som dei ikkje har lyst å sjå er det lurt å skunde seg å sveipe det bort, slå av eller krysse det bort. Og heller sjå på noko som er fint eller gøy etterpå. Slik trener man algoritmane til å gi innhald vi faktisk vil ha.

Om de har meir tid kan elevane gjerne få teikne sirkelen for korleis nokon tener pengar på favorittappen deira. Kven trur dei har funne på han, kven har laga han, kven bruker appen mest, kva gjer algoritmane der, og kven tener pengar på han?

Avslutt gjerne timen med å spørje elevane kva dei har lært om nettet denne timen, og kva dei vil prøve å huske etterpå.